

Engevik

TEMA: *Embetsmennene* ①61

KART: ④438



Engevik ved hundreårsskiftet. Hovudhuset er frå 1770.

Halvvegs inne ved Sævareidfjorden ligg offisersgarden ENGEVIK. Først på 1700-talet var garden dels krongods, dels i bonde-eige. I 1724 busette oberstløytnant CHRISTIAN WILHELM SEGELCKE seg der og bygde opp eit nytt gardstun kring ein standsmessig hovudbygning eit stykke nord for det gamle gardstunet.

Engevik ligg lunt ned mot fjorden; ein vestnorsk embetsgard frå dei siste åra av einevaldstida. Under krongods-salet i 1720-åra kjøpte Segelcke Os-kyrkja med anneksskyrkjer og tilliggjande jordegods. Jordegodset gav turvande attåtinntekter for embetsmenn. Det er på denne bakgrunnen vi også må sjå løyvet frå 1729 til å driva kro- og gjestgjevarverksemd. Futen P. HEIBERG

meinte at dette tiltaket var fullstendig unødvendig, både for «...Almuen og Reysende, thi der kommer icke andre end Bønder oven fra Dahlen (Hålandsdalen) der agter sig til Byen...» Dei kunne like gjerne overnatta på gardane, tykte futen, som påpeika at «...her holdes hvercken ordentlig Gjest-Giverie eller Strand-Sidderie, men adskillige Under-Officerer haver med Oberst-Lieutenantens Bevilling holdt Øll- og Brændeviins-Kroe paa differente Steder i Districtet...» Sjølv heldt Segelcke seg lite heime på garden. Han vart utnemnd til generalmajor og tenestegjorde i København til han døydde i 1763.

Dei to følgjande eigarane, major HARTVIG CARL FILIP SEGELCKE og svigersonen, løytnant KNUD NYEGAARD, bygde tunet vidare ut. I 1769 brann hovudbygningen, og majoren bygde ein



SUNDVORØYA

På SUNDVORØYA vart det drive landhandel frå 1880-åra, til dess det kom handel på fastlandet. Dei noverande bygningane skriv seg frå denne tida. Hovudbygningen hadde krambu i første høgda og bustad i andre. Dette huset er samanbygd med ei sjøbu, som tente som lager.

Sundvorøya fekk rutebåtsamband kring 1890. «Dampen» vart ekspedert i båt, fordi det var for grunt for dampskipsbryggje inne ved handelshusa. Denne steingrunna skal etter tradisjonen vera ballaststein frå skotske trelastskip. Det vert fortalt at Sundvor på 1500- og 1600-talet var utskipingshamn for tømmer. Stadnamn som Skottabeleggjet og Bjelkaneset minner om denne første handelsverksemda ved Sundvorøya.

ny, litt mindre, på same tomte året etter. Først på 1800-talet fekk tunet den forma det har i dag, med to naust, løe med fjøs, stall, geithus, smie, skykkje, eldhus, stabbur og borgstove. Omgjeven av kvitmåla stakitt låg hagen med lysthus, små saluttkanonar og hovudbygningen frå 1770, i karakteristisk Bergens-klassisisme med halv-valma tak. □



Segelckes våpen.

MJÅNES

Kjem du inn Sævareidfjorden med båt, ser du garden MJÅNES (mjå «smal») liggja høgt og fritt på det grøne neset ut i fjorden. Fornfunn vitnar om busetnad i forhistorisk tid. Ei tid kring midten av 1700-talet var garden utlagd til såkalla «frigard» for offiserar ved Søndhordlandske kompani, som vart kommandert av dåverande oberst Segelcke på grannegarden Engevik. Seinare har Mjånes vore sjøveigande. I tunet står i dag ei lemstove frå 1889, sauehus, eldhus, løe og skomakarverkstad. Tidlegare var her dessutan stabbur, flor, smie, eit lite stovehus, og ei røykstove der den noverande hovudbygningen står. Løa har ein særmerkt grindverkskonstruksjon og kan bygningshistorisk følgjast attende til 1500-talet.

